



Trond Johansen med 'hjernen' i ventilasjonsanegget

Endeleg skjer det noko!

Det kan leiing, lærarar, foreldre og elevar slå fast 2 dagar før skulestarten i Uskedalen. Og det som har skjedd i ferien er montering av eit ventilasjonsanlegg til rundt rekna ein million som dekkjer 8 av romma. Det vil gje ein heilt annen skulekvardag enn før.

Det har vore eit slags anlegg også tidlegare, men det fungerte dårleg. Heretter vil det ikkje vera naudsynt å opne vindauga for å lufta ut mellom timane.



[Andreas Bernhardsen monterer el-anlegget. Han er tilsett i Kvinnherad Elektro](#)

Ventilasjonsanlegget er av svensk fabrikat og levert og montert av KES som står for Klima og energiservice og har hovudkontoret på Stord og avdeling på Husnes.



Skuleleiinga er glade for ventilasjonsanlegget. Marie Elisabeth Kaldestad og Odd Steinar Arnesen sit her og planlegg det nye skuleåret.

Trond Johansen opplyser til uskedalen.no at anlegget vil fungera i skuletida og vert kopla automatisk inn og ut. I tillegg er det CO2-styrt, noko som inneber at jo dårlegare lufta blir, jo større effekt gjev anlegget.

Rektor Marie Elisabeth Kaldestad og viserektor Odd Steinar Arnesen er sjølvsagt svært glade for investeringen og ikkje minst for at anlegget gir frå seg svært lite støy.

Dei kan også glede seg over ein annan investering som er dekt over skulen sitt ordinære budsjett. Det er 3 interaktive tavler der 2 er montert i skulen og ein i barnehagen og prisen på kvar er 70 000 kroner. Eit teknisk vidunder er karakteristikken pedagogane kjem med.

Når det så gjeld bemanninga ved skulen i det nye skuleåret har det ikkje skjedd endringar med eit unntak. Det er at lærar Svein Sunde har takka for seg.

- Korleis vert han erstatta, spør vi rektor Kaldestad.
- Det har også eg undra meg på, for Svein var ein uvanleg dyktig lærar. Det vert ikkje ansatt nokon ny men det skjer ein intern justering mellom stillingar.

Det endelege elevtalet ved skulen vil ikkje vera klårt ved denne skulestarten heller, men førebels fortel statistikken at det vert 107. 15 går denne hausten over i ungdomsskulen i Rosendal.

Skuleruta fortel at haustferien vert i veke 41, vinterferien i veke 9 og påskeferien i veke 16. Elevane skal ha 190 skuledagar.



[Ventilasjonsanlegget dekkjer 8 rom](#)

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Slik ser ei interaktiv tavle ut